Merknad til protokollen fra JSU/Ravnanger:**Mine bemerkninger.**

Jeg mener å huske at det var flere forbehold som skulle tas med i dette vedtaket.

Ut fra dagens forhold, skriver studentene jevnt over mer enn hva de skal på arbeidsgruppeoppgaven. Det er derfor forsvarlig med en øking av ordgrensen. Men det må også tas et forbehold, om at dette vedtaket ikke er en invitasjon til de kursansvarlige til å lage mer omfattende oppgaver enn tidligere, noe som igjen ville sprengre ordgrensene.

Etter min mening har kursansvarlig ansvaret for å se på den totale arbeidsbelastningen på hvert kurs. Dette vedtaket er derfor ikke å oppfatte som et ønske om at arbeidsmengden økes.

Det er ønskelig med variasjon i studieopplegget. Studentutvalget og Studentparlamentet ved Universitet i Bergen har lenge vært forkjempere for variasjon i studiet og prøvingsarbeidet.

Det må også være tid til diskusjoner og oppgaveløsning i kollokvier, slik at arbeidsgruppeoppgavene ikke må være for tidskrevende. De fleste studenter setter pris på lesetid, for at en blant annet skal være godt forberedt til arbeidsgrupper og storgrupper. Flere omfattende arbeidsgruppeoppgaver kan medføre at det blir mindre tid til denne formen for studier.

Det kan blant annet nevnes at det på andre studieår er et krav om muntlig presentasjon i faget Norske og internasjonale rettslige institusjoner. Det er uheldig hvis omfattende arbeidsoppgaver skal sette begrensinger for slike typer arbeid.

Det må også tas hensyn til kommenteringen av besvarelsene. Fra mitt ståsted er det ikke ønskelig med å uttynne kommentarene fra fakultetsansatte og medstudenter.

Det er også viktig å ta hensyn til gjennomgangen på arbeidsgruppene. Hvis det lages for omfattende arbeidsgruppeoppgaver, slik det kan være en fare for med økningen på andre studieår, kan det være fare for at ikke hele oppgaven blir gjennomgått på arbeidsgruppene. En økning fra 1000 til 1500 ord er en vesentlig endring. Dette argumentet gjør seg også gjeldene på tredje studieår, hvor det er gjennomgang av arbeidsgruppeoppgaver som er utgangspunktet for undervisningen

Bergen 7. november 2012.

Erling Kr. Ravnanger.

[Tilbake til saklisten](#)

Sak 69/12**Instruks om oppgåvegjeving og sensur for mastergraden.**

Hovedtema her er bestemmelsene om studentmedlemmenes rolle og hvor/når sensorveiledningen kommer inn i arbeidet.

Slik det nå er, vil «moment til vurderinga (sensorrettleiing)» være kjent for studentrepresentantene når de skal prøveløse oppgaven – jf. Pkt 1.2 andre ledd. På den måten bortfaller en vesentlig del av poenget med studentenes arbeid med løsning av oppgaven – når sensorveiledningen er kjent blir deres forutsetninger veldig ulikt eksamensvilkår.

På den annen side er det vesentlig å unngå at studentene (eller andre i utvalget) ser prøveløsing som en test på studentrepresentantenes kunnskaper.

Studentenes mål skal være å vurdere om oppgaven er egnet til å løses på eksamensvilkår, om den er klar og entydig, om omfanget er rimelig i forhold til tiden som er til disposisjon og om det som kreves faglig er innenfor kursets læringsmål. Oppgaveformen skal være kjent (fra kursundervisningen) for studentene som skal ta eksamen. Det bør imidlertid ikke være krav om at oppgavens tema skal være gjennomgått i kurset.

Gjennomgangen av studentenes erfaringer etter prøveløsningen skal ikke ha noen karakter av å prøve deres kunnskaper. Det er derfor naturlig at de får tilgjengelig sensorveiledning før eller under utvalgets gjennomgang av prøveløsningen.

Forslag til vedtak:

På denne bakgrunnen foreslås følgende endring av pkt 1.2 andre og tredje ledd (blir andre, tredje og fjerde ledd) i Instruks om oppgåvegjeving og sensur for mastergraden

Eit utkast til oppgåve skal leggjast fram for oppgåveutvalet seinast to veker før prøven skal haldast, og oppgåva skal vera endeleg fastsett seinast ei veke før oppgåva skal gjerast kjend, eller prøva skal haldast. Eventuelle endringar i høve til utkastet skal leggjast fram for oppgåveutvalet før oppgåva blir endeleg fastsett.

Sensorrettleiinga skal ikkje utarbeidas før studentane har løyst oppgåva på tilnærma eksamensvilkår. Ei momentliste til vurderinga bør vera tilgjengeleg for studentane etter at dei har løyst oppgåva, før dei gjer greie for erfaringane sine for utvalet.

Oppgåveutvalet skal spesielt kontrollere at oppgåvene er formulerte klårt og eintydig med tanke på fagleg innhald og form for oppgåvesvar, jf. retningsliner for utforming av prøvar i jusstudiet [vedlegg 2]

Videre foreslås at instruksjonen får overskriften Instruks om oppgåvegjeving og sensur for integrert masterprogram i rettsvitenskap ved Universitetet i Bergen

[Tilbake til saklisten](#)

Sak 69/12 – vedlegg 1 – gjeldende instruks

Instruks om oppgavegjeving og sensur for mastergraden

Vedteke av styret 9.09.2003. Sist oppdatert etter møte i SU 10. november 2009. Teksten er ajourført etter fakultetsstyrevedtak 16.06.2011 om ny studieplan og nye utfyllande reglar for masterstudiet.

1. Fastsetjing av oppgåver

1.1 Oppgaveutval

Oppgaveutval for kvart av dei fire første studieåra er kursansvarleg for det aktuelle kurset og to representantar oppnemnd av studentutvalet ved fakultetet. Det kan gjerast heilt eller delvis unntak frå krav om studentdeltaking i utvalet dersom JSU ikkje kan framskaffe studentrepresentantar. Kursansvarleg skal trekkje inn ein eller fleire seminar- eller storgruppeleiarar i oppgaveutvalet.

Studieårsansvarleg kallar inn til møta og møter sjølv etter behov.

For valemne og masteroppgåve skal det ikkje vera oppgaveutval. Den kursansvarlege fastset oppgåver for valemne.

1.2 Skuleeksamen, heimeeksamen o.l.

Oppgåver til skuleeksamen (individuell skriftleg prøve avvikla under kontroll) skal fastsetjast av den kursansvarlege etter samråding med oppgaveutvalet. Det same gjeld oppgåver til heimeeksamen eller liknande prøver som skal telje med i karakteren for kurset, og som ikkje skal vera kjende for studentane før ein bestemt dag.

Eit utkast til oppgåve saman med moment til vurderinga (sensorrettleiing) skal leggjast fram for oppgaveutvalet seinast to veker før prøven skal haldast, og oppgåva skal vera endeleg fastsett seinast ei veke før oppgåva skal gjerast kjend, eller prøva skal haldast. Eventuelle endringar i høve til utkastet skal leggjast fram for oppgaveutvalet før oppgåva blir endeleg fastsett.

Oppgaveutvalet skal spesielt kontrollere at oppgåvene er formulerte klårt og eintydig med tanke på fagleg innhald og form for oppgavesvar, jf. retningslinjer for utforming av prøvar vedtekne av fakultetsstyret 17. juni 2003.

1.3 Andre kursoppgåver

For kurs i det tre første studieåra skal den kursansvarlege seinast to veker før kursstart leggje fram dei oppgåvene studentane skal svara skriftleg på i kurset, saman med ein timeplan som viser tidspunkt for levering av utkast og kommentering og fordelinga på individuelle svar og fellessvar. Dette gjeld ikkje oppgåver som er nemnde i punkt 1.2.

Den kursansvarlege kan endre oppgåvene seinare, og både den kursansvarlege og storgruppeleiaren kan laga tilleggsoppgåver til bruk i storgruppemøte o.l.

1.4 Moment til vurderinga (sensorrettleiing)

Den kursansvarlege skal laga moment til vurderinga (sensorrettleiing) for alle oppgåver. For oppgåver som ikkje inngår som grunnlag for karakteren for kurset, kan sensorrettleiinga sløyfast dersom den kursansvarlege finn grunn til det. Kravet om sensorrettleiing gjeld ikkje for den mindre avsluttande prøva i EXFAC Juridisk forprøve eller valemna.

Sensorrettleiinga skal kort gjera greie for kva problemstillingar som det er rimeleg å vente at studentane tek opp. Vidare skal det gjerast greie for kva grunnlag kurset har gjeve for å svara på oppgåva. Så langt det er råd, bør det òg gjevast retningslinjer for vurderinga.

Ein bør unngå at sensorrettleiinga inneheld ei utførleg framstilling av dei rettsspørsmåla som oppgåva reiser eller kan reise, og på det viset skapar eit urealistisk inntrykk av kva som kan krevjast av studentane.

Sensorrettleiinga skal gjerast tilgjengeleg for studentane etter at karakterane er fastsette, jf. universitets- og høyskoleloven § 5-3 nr. 3.

1.5 Teieplikt

Medlemmene av oppgåveutval har teieplikt om drøftingane i oppgåveutvalet og om oppgåveframlegg og fastsette oppgåver til oppgåvene er gjorde kjende for studentane.

Sensorane har teieplikt om karakterar og grunnlaget for karaktersetjinga. Om teieplikta og avgrensinga av plikta gjeld elles forvaltningslova §§ 13-13c.

2. Sensorutval

Det juridiske fakultet nemner opp eit fast sensorutval for eksamenar i masterstudiet, jf. universitets- og høyskoleloven § 3-9 nr. 2 og delegert etter fullmakt frå Universitetsstyret. Tilleggsopptnemningar kan gjerast av dekan eller prodekan om det trengst. Ny opptnemning av sensorutval skal gjerast kvart tredje år, men tidlegare opptnemning gjeld i alle tilfelle til nytt vedtak er gjort.

Den kursansvarlege avgjer kva sensorar i utvalet som skal nyttast ved den einskilde eksamen.

Sensorar skal som hovudregel ha karakteren 2.65, eventuelt eit karakternivå på B eller betre, jf. retningslinjer vedtekne 17. juni 2003 av styret ved Det juridiske fakultet.

3. Sensur for avsluttande prøve og andre teljande oppgåver

3.1 Tilhøvet til kursplanane

Føresegnene her om sensur for avsluttande prøve og prestasjonar som skal vurderast saman med avsluttande prøve, skal leggst til grunn der ikkje anna er fastsett i ein kursplan.

3.2 Avsluttande prøve

Er ikkje anna fastsett i kursplanen, skal kurset avsluttast med ein individuell skriftleg prøve under kontroll, jf. det som er sagt i studieplanen under "Vurderingsformer". Om tillatne hjelpemiddel gjeld Utfyllende regler for studier ved Det juridiske fakultet, §§ 3-5 til 3-7.

Til prøven får studentane fire timar om ikkje anna er fastsett i kursplanen.

3.3 Anonymitet

Oppgavesvara til avsluttande prøve og oppgavesvar som skal vurderast saman med avsluttande prøve, skal vera påførte eksamensnummeret til vedkomande student, men ikkje namnet, jf. Utfyllende regler for studier ved Det juridiske fakultet, § 3-8 (3). Sensuren skal elles òg - så langt det er praktisk mogleg - gjennomførast slik at namnet på studenten ikkje er kjend for sensorane før karakterane er leverte til fakultetet.

3.4 Kommisjonssensur

Om det ikkje følgjer av kursplanen at vurderinga skal vera stått/ikkje stått, skal det setjast ein karakter frå A til E for stått og F for ikkje stått, jf. universitets- og høyskoleloven § 3-9 nr. 6.

For dei tre første studieåra bør ein sensor ikkje få oppgavesvar frå studentar som han har vore storgruppeleiar for.

Karakteren for kurset skal fastsetjast etter ei samla vurdering av dei dokumenterte prestasjonane, jf. det som er sagt i studieplanen om "Karakterskala", særskilt underpunkt b). Karakteren treng ikkje svara til eit "gjennomsnitt" av eventuelle hjelpekaraktarar for kvar av prestasjonane. For kursoppgåver o.l. som blir vurderte saman med avsluttande prøve, skal sensorane ta omsyn til kva stadium i kurset dei er skrivne på, og andre omstende rundt skrivinga (tid til skriving, merknader frå medstudentar og lærar osb.). At ein eller fleire prestasjonar isolert ikkje kunne ha fått ståkarakter, hindrar ikkje i seg sjølv at det kan setjast ein samla ståkarakter.

Der kursoppgåver og liknande blir vurderte saman med avsluttande prøve, skal desse vera med i vurderinga også i tilfelle av ny avsluttande prøve (kontinuasjon).

Dersom det deltek fleire sensorar, bør kvar sensor ha sensur for minst tjue studentar. Sensorane skal setje ein felles karakter for kurset. Blir dei ikkje samde, skal den kursansvarlige peike ut en oppmann. For masteroppgåva peiker leiaren for Studieutvalet ut ein oppmann. Den av karakterane frå dei to sensorane som ligg nærast karakteren som oppmannen set, skal vera karakteren for kurset.

4. Nivåkontroll

For obligatoriske fag skal det gjennomførast nivåkontroll ved vurderinga av avsluttande prøve og prestasjonar som skal vurderast saman med avsluttande prøve.

Nivåkontrollen skal gjennomførast av kursansvarleg sjølv eller annen lærar som kursansvarlege utpeikar. Berre lærar som deltok ved undervisning og sensur ved same kurs kan utføra nivåkontroll. Nivåkontrollen skjer ved at kvar sensor sender inn eit oppgåvesvar som ligg heilt i den nedre grensa for kvart karakterintervall, det vil seia ein svak A, ein svak B, ein svak C, ein svak D og ein svak E.

Etter at nivåkontrollen er gjennomført skal kvar enkelt sensor gjera dei endringar i karaktersetjinga som er naudsynte i lys av eventuelle endringar som er fastsett av nivåkontrolløren.

Ved sensur der det er få kandidatar som tek eksamen, og kursansvarleg ikkje tek sensuren sjølv, gjeld reglane over så langt dei høver

5. Kommentering av kursoppgåver m.m.

Den kursansvarlige peiker ut personar som skal kommentere og eventuelt vurdere svar på kursoppgåver m.m., når det ikkje er tale om vurdering som inngår i fastsetjinga av karakteren for kurset. Desse personane treng ikkje stå i sensorutvalet eller fylle vilkåra for å vera sensor. Det gjeld sjølv om oppgåvesvaret seinare, i same eller ny versjon, blir levert til vurdering saman med avsluttande prøve, og det gjeld òg for oppgåver som må vera greidde før studenten kan gå opp til avsluttande prøve.

6. Innlevering av oppgåvesvar

Oppgåvesvar skal leverast elektronisk i den form og til dei fristar som vert gjort kjent for den einskilde levering. Studenten sitt namn skal ikkje gå fram av oppgåvesvaret. For obligatoriske skriftlege arbeid kan unntak frå desse fråsegnene gjerast i kursbeskrivinga. For frivillige skriftlege arbeid kan unntak gjerast av den einskilde lærar/rettleiar.

Sak 69/12 – vedlegg 2**Retningslinjer for utforming av prøvar i jusstudiet**

Fastsette av fakultetsstyret 17.06.2003 med heimel i "Reglement for det Juridiske fakultet" § 1. Sist endra 14.12.2004.

1. Samanhengen mellom læring og prøving

Oppgåver som er med i grunnlaget for karaktersetjinga, skal i form og innhald byggje på kursinnhaldet. I oppgåvene kan det likevel inngå spørsmål som ikkje har vore oppe i kurset. Dette kan vera spørsmål som er dekte av kjernelitteraturen, spørsmål som studentane kan svara på ut frå lovlege hjelpemiddel ved prøven, eller spørsmål som stiller krav til sjølvstendig resonnement ut frå læringsmåla til det aktuelle kurset og tidlegare kurs. Oppgåver som blir gjevne til skuleeksamen bør i hovudsak gjelde tema som har vore oppe i kurset.

2. Praktiske oppgåver

Oppgåver som tek utgangspunkt i eitt eller fleire praktiske tilfelle kan gå ut på å skrive ei nøytral utgreiing, men oppgåva kan også gå ut på å skrive tekstar av andre slag, som skriftleg rådgjeving til ein part, prosesskrift, avtaleklausul, dom, forvaltningsklage, innstilling til forvaltningsorgan, utkast til lovtekst eller forskrift, osv. Det skal gå klårt fram av oppgåva kva tekst det er tale om. Studentane skal tidlegare på kurset ha fått høve til å skrive minst ein tekst av det slaget det vert bede om på skuleeksamen.

3. Andre oppgåver

Oppgåver som ikkje eller berre i liten grad tek utgangspunkt i praktiske tilfelle ("teorioppgåver") kan mellom anna gå ut på å prøve kunnskapar og oversikt, forståing og evne til å sjå og drøfte rettspolitiske spørsmål eller samanhengar og perspektiv i lærestoffet.

Oppgåveteksten bør gje klare haldepunkt for den nærare avgrensinga av oppgåvesvaret. Ein bør unngå oppgåver som berre gjev korte og stikkordprega overskrifter ("avtalelova § 36", "rettsleg interesse") eller som svarar til bestemte overskrifter i læremiddel. Vidare bør ein unngå oppgåver som innbyr til uautoriserte standardoppsett e.l. ("analyser avgjerda i Rt. 2004.345").

4. Fleire oppgåver ved same prøve

Blir det gjeve fleire oppgåver ved same prøve, bør det gå fram omtrent kor mykje vekt som skal leggjast på kvart av oppgåvesvara, til dømes ved prosentvis fordeling.

[Tilbake til sakslisten](#)

Sak 70/12

Vedtakssak: Karaktersetting og normalfordeling

Forslag til endring i Retningslinjer for karakterfastsetting i masterstudiet⁴

Viser til orienteringssak 63/2012 – 1 i studieutvalgets møte den 8. oktober, der utvalget uttalte:

«Neste møte får seg forelagt forslag til ny formulering i retningslinjene. Formuleringen skal ivareta både hensynet til at hver eksamen *ikke* skal normalfordeles, og forventningen om normalfordeling over tid. Det er ønskelig med skisse til øvrig organisering og informasjon – utover retningslinjene – for å ivareta disse hensynene.»

Retningslinjenes pkt 1 handler om alminnelige prinsipper for sensurering, og omfatter også en uttalelse fra Det nasjonale fakultetsmøtet. Normalfordelingen presenteres deretter, med en henvisning til Universitets- og Høgskolerådets brev om at resultatene ventes normalfordelt «over tid» - der «en periode på minst 5 år ikke er utenkelig».

En slik formulering bør ikke leses som et incitament for en bestemt måte å sensurere på. Det er snarere en konstatering av normalfordelingens «natur» – nemlig at den er et statistisk *resultat* av ellers velfungerende variabler i uavhengig samhandling. Det sentrale her er de kvalitative karakterbeskrivelsene vi finner i UiB-forskriftens § 7.1.⁵ Beskrivelsene er utviklet av Universitets- og Høgskolerådet og er gjeldende hovedregel for hele sektoren. Gitt at disse kvalitative beskrivelsene følges, har man en berettiget forventning om at resultatene *over tid* vil vise normalfordeling. *Departementets forutsetning er at det vi skal måle med eksamen, faktisk er en normalfordelt funksjon av eksamenskrav og kvalitative karakterbeskrivelser.* Ingen del av forarbeidene til karakterskalaen har avdekket at selve denne forutsetningen er satt under debatt – det er neppe grunn for oss å gjøre det heller, i alle fall ikke i denne sammenhengen.

Verken Universitets- og Høgskolerådet eller departementet har sagt noe om hva som eventuelt skal skje hvis dette viser seg å ikke slå til (vi har sett noen spredte reaksjoner på at karakterer til masteroppgaven ikke normalfordeles – selv ikke over tid, men det har ikke kommet noe konkret ut av det).

ECTS opererer ikke lenger med normalfordeling som målestokk eller målsetning for sine karakterer (som det norske karaktersystemet har implementert). I stedet anbefales en løsning der man setter «lokale» karakterer, og så supplerer med informasjon om prosentfordelingen som er oppnådd – enten på denne ene eksamen, eller på dette emnet over tid.⁶ Det vil nokså åpenbart gi god informasjon i alle fall til noen i målgruppen.

Foreløpig later det ikke til å ligge til rette for noen snarlig overgang til det «nye» ECTS-systemet, og vi innretter oss etter de karakter-retningslinjene som gjelder pr i dag.

⁴ <http://www.uib.no/jur/utdanning/reglement-og-prosedyrer/reglement-i-utdanningssaker-ved-det-juridiske-fakultet/retningslinjer-for-karakterfastsetting-i-masterstudiet>

⁵ <http://regler.uib.no/regler/Del-2-Forskning-utdanning-og-formidling/2.2-Utdanning/2.2.2-Forskrift-om-opptak-studier-vurdering-og-grader-ved-Universitetet-i-Bergen/Forskrift-om-opptak-studier-vurdering-og-grader-ved-Universitetet-i-Bergen>

⁶ http://www.google.no/url?sa=t&rct=j&q=ects%20users%20guide%202011&source=web&cd=2&ved=0CC0QFjAB&url=http%3A%2F%2Fec.europa.eu%2Feducation%2Flifelong-learning-policy%2Fdoc%2Fects%2Fguide_en.pdf&ei=XYN-UN33GsvO4QTY7YGwAQ&usg=AFQjCNGTeqrftYQwTS8iRrbwhlRtgNHew se side 41.

Spørsmålet er hvordan vi best bør forholde oss – på den ene siden til de kvalitative beskrivelsene, og på den andre siden til forventningen om normalfordeling. Vi må se begge deler som bindende for våre disposisjoner. Disse spørsmålene er større enn det vi trenger å forholde oss til i denne omgangen, men kunnskap om dem er et nødvendig bakteppe for de vurderingene som må gjøres i saken her.

Det er utvilsomt at det *ikke* skal normalfordeles på den enkelte eksamen. Det er ting som tyder på at en misforståelse om dette gjør seg gjeldende blant enkelte sensorer, og i alle fall blant studenter. Dette er uheldig ettersom vi risikerer at enkelte sensorer – eventuelt også nivåkontrollører – tilpasser karakterbruken til en fiktiv målsetning om normalfordeling. Dessuten risikerer vi at studentene pådrar seg en forestilling om at deres karakter er avhengig av en «kvote» innenfor karaktersystemet. Av den grunn bør vi endre Retningslinjer for karakterfastsetting i masterstudiet [i rettsvitenskap ved Universitetet i Bergen] slik at de gjenspeiler den virkeligheten vi faktisk forholder oss til. Vi bør også formidle til sensorer og nivåkontrollører – og til studentene – at sensuren på enkeltksamener *ikke* tar sikte på normalfordeling.

I retningslinjenes punkt 2 heter det: «Målsetjinga om fordeling på karaktertrinn gjeld for kvart einskild kurs. I karaktersetjinga skal ein likevel ikkje leggje vekt på å få til ei normalfordeling. Dette gjeld både for sensorane i den einskilde kommisjonen og for nivåkontrollen. Verkemidla for å oppnå ei fordeling innanfor nomalsjiktet er kriteria for karaktersetjing, tenleg oppgåveutforming og gode sensorrettleiingar.» Antakelig kan problemet løses ved at de to første setningene omformuleres, og at vi deretter sørger for god informasjon om hvordan sensuren skal – og ikke skal – gjennomføres.

Forslag til ny formulering av retningslinjenes punkt 2: «Målsetjinga om normalfordeling av karakterar skal ikkje leggjast til grunn i sensuren eller i nivåkontrollen. Verkemidla for å oppnå ei fordeling innanfor nomalsjiktet er kriteria for karaktersetjing, tenleg oppgåveutforming og gode sensorrettleiingar. Der verkemidla nyttast for å endre eller justere karakternivået, skal dei berre nyttast for store grupper og på lang sikt.»

Vi bør ha en konkret plan om hvordan denne forståelsen skal kommuniseres – til sensorer, nivåkontrollører og studenter. I første omgang bør det skrives inn i de instruksene sensorene får tilsendt med besvarelsene de skal sensurerer. Nivåkontrollørene må informeres tilsvarende; det vil i all hovedsak være emneansvarlige lærere som også er nivåkontrollører og de er derfor lett identifiserbare og det bør være mulig å nå dem med konkret informasjon. Studentene kan informeres gjennom de etablerte kanalene (MiSide og JSU).

Videre bør fakultetet ha en mer grunnleggende diskusjon med sikte på å utforme en strategi for å håndtere eventuelle avvik fra normalfordeling «over tid». Den bør omfatte alle elementene som bidrar til å bestemme karakternivå og individuelle karakterer, blant annet bør vi kunne besvare et spørsmål som: Hvordan skal vi utforme eksamenskrav og oppgaver for at de skal virke sammen med de kvalitative karakterbeskrivelsene til å gi det bildet av kandidatene som uttrykkes i normalfordelingen?

I tillegg til de materielle endringene foreslås også en endring av tittelen på retningslinjene. Begrunnelsen er at når slike retningslinjer opptrer på nett, er det ikke opplagt hva «masterstudiet» er.

Forslag til vedtak:

1. Tittelen endres fra «Retningslinjer for karakterfastsetting i masterstudiet» til «Retningslinjer for karakterfastsetting i integrert masterprogram i rettsvitenskap ved Universitetet i Bergen».

2. Punkt 2 i Retningslinjer for karakterfastsettning i masterstudiet endres slik:

Någjeldende punkt 2	Forslag til nytt punkt 2
Målsettninga om fordeling på karaktertrinn gjeld for kvart einskild kurs. I karaktersettninga skal ein likevel ikkje leggje vekt på å få til ei normalfordeling. Dette gjeld både for sensorane i den einskilde kommisjonen og for nivåkontrollen. Verkemidla for å oppnå ei fordeling innanfor nomalsjiktet er kriteria for karaktersettning, tenleg oppgåveutforming og gode sensorrettleiingar.	Målsettninga om normalfordeling av karakterar skal ikkje leggjast til grunn i sensuren eller i nivåkontrollen. Karakterane skal fastsettast ut frå dei kvalitative kriteria som er vedtekne. Verkemidla for å oppnå ei fordeling innanfor nomalsjiktet er kriteria for karaktersettning, tenleg oppgåveutforming og gode sensorrettleiingar. Der verkemidla nyttast for å endre eller justere karakternivået, skal dei berre nyttast for store grupper og på lang sikt.

3. Sensorer og nivåkontrollører skal informeres spesifikt om endringen og at det i sensuren ikke skal tas sikte på normalfordeling innenfor en kommisjon, en eksamen, et kull eller en annen enhet.

[Tilbake til sakslisten](#)